



Notat

Dato: 08.07.2014
Arkivsak: 2014/19040-1
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Dueskit på Bystasjonen - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 04.06.14 sette representanten Gustav Bahun (Frp) fram slikt oversendingsforslag:

«Benkane på Bystasjonen er utsett for dueskit. Ber om at driftsansvarlege for Bystasjonen ser på om det er mogleg å gjere noko med dette. På andre delar av Bystasjonen er det montert duehindringar. Dette bør vurderast også i dei områda som benkane står.»

Fylkesrådmannen viser til at det i to omgangar er sett opp «duehindringar» på Bystasjonen i form av metallpiggjar som skal hindre at duene slår seg ned. Siste montering av slike metallpiggjar fann stad i slutten av juni i år. Arbeidet med oppsetting av desse piggane vil halde fram over sommaren. Dei piggane som no er og vert montert er på områder der folk ferdast og sit.

Eigedomseksjonen, som driftsansvarleg for Bystasjonen viser vidare til at ein vurderar å dekke til ein konstruksjon i form av eit «skjørt» nedst på veggjen ut mot Fjøsangerveien der duene har ein tendens til å slå seg ned. Tildekkinga av dette «skjørtet» vil i tilfelle skje ut mot Fjøsangerveien der det i dag er busshaldeplassar.

Fylkesrådmannen viser til at Eigedomseksjonen kontinuerleg arbeider med å oppnå eit best mogleg miljø for dei reisande på Bystasjonen, men det vil vere vanskeleg å løyse alle problema som duene i ein by utgjær.

